

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur – Nr. 2 Juni 2010 – 13. årgang



Norsk
Seterkultur

Bruk Seterbrukaren

Når dette bladet ligg i postkassene har dei fleste seterbrukarane ført kyr og geit – og andre beitedyr – til støls. Setersommaren er i gang! Seterbrukaren er til for m.a. å formidle litt av stemningar, hendingar, arrangement og ny tiltak i "seterlandet". Men for å gjera det treng vi hjelp, med stoff – smått og stort – og ikkje minst biletar. Oppmodinga lyder: bruk fotoapparatet flittig i sommar – og del opplevingane med Seterbrukaren sine leesarar!

Neste blad

kjem i oktober, med frist for stoff 25. september.

Styret:

Mari Søbstad Amundsen, leiar
tlf. 920 59 571

Conrad Holmboes veg 27, 9011 Tromsø
marisobs@stud.ntnu.no

Siv Eggen, nestleiar
7760 Snåsa, tlf. 48 10 27 85
sbeeggen@msn.com

Odd Arne Espeland, Jondal
5627 Jondal, tlf. 53 66 84 80, faks 53 66 82 55
odar-esp@online.no

Kjell Håvard Tuv
2900 Fagernes
kjell.tuv@oystre-slidre.kommune.no

Marit Skjelstad
marit.skjelstad@tine.no
(Repr. landbruksamvirket)

Varamedlemmer
Nanfrid Røystrand
3656 Atrå, tlf 90 75 11 16
sigmund@selstali.com

Bjørn Karsten Ulberg
358 Nedre Eggdedal
Oddveig Eggen
2550 Os i Østerdalen, tlf. 62 49 71 86
post@spellmoen.no

Utgjevar:

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57

E-post: seter@seterkultur.no
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169
Organisasjonsnr. 879270642
Redaktør: Jostein Sande
Førtყkk: Stordfjord Bladlag AS
Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.

Foto:

Seterdrifta som en del av et framtidig norsk landbruk

1.juni ble det avholdt møte i Landbruks- og matdepartementet med tema tilleggsnæringer og matspesialiteter i forbindelse med ny stortingsmelding om landbruks- og matpolitikk. For Norsk Seterkultur stilte styremedlem Odd Arne Espeland. Deltakerlisten viser et bredt spekter av interesseorganisasjoner og småskalaprodusenter. Landbruksminister Lars Peder Brekk åpnet møte med å gjøre greie for arbeidet med meldingen, og understreket målet om en framtdsrettet landbruks- og matpolitikk. Sentrale samfunnsoppgaver som matsikkerhet, klima og miljøspørsmål, sammen med landbrukets ressurser – hvordan de brukes i dag og hvordan de kan brukes bedre, ble trukket fram. I tillegg ser landbruksministeren det som viktig å utvikle nye næringer, men også å ta vare på de gamle og mer tradisjonelle. Så langt høres det ut til å kunne gå veien for norsk seterkultur generelt i den nye meldingen. Likevel, når Brekk i neste vending begynner å snakke om en sterk effektivisering av landbruket, bør Norsk Seterkultur tydeliggjør sitt ståsted.

Alle som har tilbrakt en sommer på setra, vet at det er snakk om mye og hardt arbeid. Seterdrifta kan ikke effektiviseres, men må anerkjennes og verdsettes i rollen som et ressurstilpasset landbruk. Ifølge Skog og Landskap er det nettopp rasjonalisering og effektivisering i landbruket som har ført til at det nå er få setre i drift igjen. Fra omtrent 90 000 setre på 1800-tallet har antallet i dag flatet ut ved omkring vel 1000 stykk (Skog og landskap). Seterkulturen i Norge er et resultat av ressursbehov og ressurstilgang. Befolkningsveksten etter svartedaugen førte til et økt ressursbehov til matproduksjon, og stadig flere begynte å frakte folk og fe ut til ressursene, framfor bare å frakte ressursene til gården. I dag er det den siste modellen som i aller størst grad preger hele det norske landbruket, men norsk seterkultur er et unntak – et godt og viktig sådant. Et framtidig norsk landbruk over hele landet må bygge på minst to viktige momenter: Flere hender inn i landbruket, og et lokalt og regionalt ressurstilpasset landbruk.

De siste 6 årene har seterdrifta i Nord-Trøndelag, særlig i Snåsa og Leksvik, hatt en særlig positiv utvikling. Det har vært en økning i antall setre med hele 30 setre. De nye og gjenoppnødde setrene spiller setras rolle innen gårdsturismen, men også setras viktige rolle som utnytter av lokale og utmarksbaserte ressurser. Den positive utviklingen må sikres en fortsatt utvikling. Den dagen det norske landbruket mister kontakten med seterdrifta og utmarksbruket, har det mistet kontakten med en viktig tradisjon, en tradisjon bygd på nødvendighet. Den samme nødvendigheten som dagens landbruk står ovenfor: Økt norsk matproduksjon på norske ressurser.

Interesseorganisasjonen Norsk Seterkultur ønsker i arbeidsåret 2010 og 2011 å ta fatt på et større kartleggingsprosjekt, blant annet for å vise mulighetene til utvikling. Hvem er den norske budeia i dag, hva gjør hun/han, hva produserer hun/han, hvor er hun/han og hvilke hjelpemidler har hun/han i sin daglige drift? Norsk Seterkultur har hele sin levetid frontet seg som en organisasjon for to typer setre – de som er åpne for besøkende, og de som ikke ønsker å ta imot besøkende. Den siste gruppen faller i enkelte tilfeller utenfor statistikk som bygger på setertilskudd, men de er fortsatt like viktig for hva gjelder ressursutnyttelse, kulturlandskap og bevaring av bygningsmasse.

Et kartleggingsprosjekt vil være med på å vise faktiske forhold så vel som potensial.

Også de setrene som ikke er i drift, må registreres.

Utmeken er en viktig ressurs som bare blir viktigere – et kartleggingsprosjekt kan være med på å legge grunnlaget for videre bruk og muligheter.

Hvis du som medlem har gode tips, forslag eller konkrete ønsker som vi i styret burde vite om, så ser vi fram til å høre fra deg/dere!

En god og arbeidsfylt setersommer til dere alle

Med vennlig hilsen

Mari Søbstad Amundsen



Store fylkesvise skilnader i tilskotsordningar til stølsdrift



Foto: www.overlivollen.no

| Krav | > 4 uker | > 6 uker | > 8 uker | Tillegg for utmarksbeiting | M foredling/besøksstøl |
|-------------------|-------------------------------------|----------|----------|----------------------------|------------------------|
| *Oppland | 25000 | | 32000 | 4000 | |
| Buskerud | 30000 | | | | |
| Hordaland | | 25000 | | | 40000 |
| *Sogn og Fjordane | 13000 | 20000 | | | |
| Møre og Romsdal | 30000 | | | | |
| Hedmark | 31000 | | | | |
| Rogaland | 20000 | | | | |
| Telemark | 30000 | | | | |
| **Troms | 20 000 | | | | |
| Sør-Trøndelag | 35000 | | | | 40 000 |
| Nord-Trøndelag | 15000/25000 gjødsla/ugjødsla beiter | | | | 50000 |

* Kan få tilskot til drift av 2 stølar som begge tilfredstiller krava ** Fellsestølar 30 000,-

ÅRSMØTET i Norsk seterkultur 2010

Årsmøtet i Norsk seterkultur vart arrangert i samband med Budeietreffet 2010 på Nedre Berg gård, Brøttum. Årsmøtet behandla og godkjente årsmelding og rekneskap, aktivitetsplan for inneverande arbeidsår og gjennomførte vala – som innebar små endringar i "styre og stell". Mari Søbstad Amundsen held fram som styreleiar, med Siv Eggen, Odd Arne Espeland, Kjell Håvard Tuv og Marit Skjelstad som styremedlemmar. Sistnemnde representerer landbrukssamvirket, i samsvar med NSK sine vedtekter. Varamedlemmar til styret er: Nanfrid Røysland, Bjørn Karsten Ulberg og Oddveig Eggen.

Av årsplassen går det fram at organisasjonen skal halde fram med å gi ut Seterbrukaren fire gonger i året, utvikle heimesida som informasjonskanal og markedspllass - og det skal utgrikest nærmare samarbeid med Sveriges Fåbodforening. Vidare halde fram arbeidet med kartlegging av setre/seterbrukarar og utarbeide rettleiar for oppstart og drift av støl/seter. Det skal også utgrikest samarbeid med nærskyldje organisasjonar, ein skal få etablert fleire lokallag – og årsmøtet vedtok ei målsetting om å auke medlemstalet med 50 prosent! – Vidare heiter det at NSK skal arbeide for å auke tilskotet til setring, med særleg fokus på dei fylka som har låge tilskot.

Ei oversikt over tilskotsordningane dei ein-skilde fylka har til støldrift i samband med Regionalt miljøprogram, syner store skilnader. I fjar var det 1300 stølar som fekk tilskot. Av desse var 210 fellesstølar. 140 av søkarane hadde geitemjølkproduksjon. I Finnmark, Nordland, Agderfylka og i Akershus, Østfold og Vestfold finst det ikkje støtteordningar til denne driftsforma, og ein har derfor ikkje tilgang på offentleg statistikk av eventuelle stølar i drift i desse fylka.. Tyngdepunktet for stølsdrifta finn ein i Oppland, og då spesielt i Valdres. Nordre delar av Hedmark, øvre del av Buskerud og sørre delen av Sør-Trøndelag er og sterke stølsområde. Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag er dei fylka der det finst flest fellesstølar. Store skilnader i stølstilskot mellom fylka Noko av målsettinga med innføring av Regionalt miljøprogram var at ein i kvart fylke i større grad skulle utforme delar av landbrukspolitikken. Slik sett er det fylkespolitikarane prioriteringar som gjer at tilskotsordningane varierer frå fylke til fylke. Det vil og vera slik at fylke med få einingar lettare kan gje store tilskot utan at ein må redusere for mykje på andre tilskotsområde. For alle fylka gjeld eit krav på minimum 4 veker med leveranse og ein viss storleik på produsert mengde.

Vil du ha ei meir detaljert oversikt over regelverket til dei ulike fylka kan du gå inn på <http://www.slf.dep.no> ”Regionale miljøprogram i fylkene”

Gurostolen



Trøgosten er populær.

Budeienettverket i Hallingdal er utruleg positivt – gjennom møte, samlingar, samarbeid og planlegging motiverer dei kvarande.

Dette seier Kjetil Larsgard, som sjølv fell utanfor avdi nettverket berre er for budeier. Kona Marianne Hoksrud er aktivt med, og tilliks med andre stølsbrukarane i nettverket, er Marianne og Kjetil stadig aktive med å utvikle stolen og stølsprodukta. Folk satsar og investerer på stolen, fortel Marianne og Kjetil.

Garden Nordre Larsgard ligg i Hol kommune – og Kjetil overtok garden i 1993. Stolen deira, Gurostolen, hadde ikkje vore i bruk sidan kring 1950, mest på grunn av at det vart teke mykje masse der i samband med ei kraftutbygging. ”Goffa” til Kjetil hadde leigd ein stol lenger inne, imot Raggstein-dalen, og difor var det svært attgrodde på Gurostolen da Marianne og Kjetil tok den gamle stolen i bruk att. Der har dei no dreve i 14 år og etterkvar fått til eit godt stølsanlegg som omfattar ysteri, ostelager, utsal og fire utleigehytter.

Tradisjon og nytenking

15 kyr har dei med på stolen, og ein god del av avdråtten blir til rømme og ost av ymse slag som blir selt frå stolen. I tillegg sel dei og ein del produkt frå andre lokale produsentar, som flatbrød og kjøtvarer. Det starta i det små med sal av rømme frå mjølkerommet – sidan har det vakse på, særleg har trøgosten vorte populær. I følgje Kjetil er trøgosten nærskyld knaosten i Telemark og pultosten austafør. I sommar skal dei leige budeie til å ta seg av kyr og fjøs, og da ser Marianne fram til å få meir tid til å yste – og gjerne utvide med fleire produkt. Tjukkmjølk, nytta m.a. i dessertar, er eitt av produkta dei har prøvd, fortel Kjetil, som understrekar kor viktig det er å vera innovativ. Stølsdrifta og stølsprodukta har så absolutt ei framtid, basert på tradisjonar men samstundes ope for nytt!

Marianne og Kjetil har 16-17 km veg mellom garden og stolen – og for å koma til Gurostolen må ein følgje fv 50 Hol-Aurland, ta av ca 2 km vest for Myrland på vegen mot Raggsteindalen. Avkjøyringa til Gurostolen ligg 2 km inn denne vegen og det er skilta dit.



Stølsidyll på Trøllhøvd i Vestre Slidre. Foto: Naturfokus.

Mange spennande tilbod i seterfjellet

Gjennom åra har vi sett at seterbruksrane har etablert lokale og regionale samarbeid om fagleg utvikling, produktutvikling – og ikkje minst marknadsføring. Vi har omtala ein del av desse tiltaka tidlegare i Seterbrukaren – og i denne utgåva av bladet. Går ein inn på for eksempel www.seterlandet.com finn ein setertilboda i Nord-Østerdalen, www.seterlandet.no presenterer setrene i Sunndal, www.valdres.no og på www.stolsferie-nordfjord.no/ finn ein

spennande opplevelingar og overnattingstilbod i Nordfjord. Sidan vi nemner nokon, så er det så absolutt ein fare for at mang blir gløymt. Men det kan vi rette på! Send info til seter@seterkultur.no om både einskildsetre og samarbeidstiltak innan produktutvikling og marknadsføring – og vi presenterer det på www.seterkultur.no anten som lekkjer eller i ”spalta” Til seters, der einskiltsetre blir presentert.



På Gurostolen er det malerisk vakkert.

Besøk ein støl



Opplev levande stølar med mjølking, separering, ysting, flatbrødbaking, gjeting, hesjing og stell av dyra. Stølane har mykje å by på, og her er det servering og sal av nylaga stølsmat. Her er surystil og rømme, kvikaku og lappar, fjellsmør, mjølkeprim og fløyteprim, geitost og trøgost. Nokre av stø-

lane tilbyr overnatting og ulike aktivitetar. Stølane ligg i fine turområde. Her, høgt over havet, ligg det til rette for både toppturar og rolegare rusleturar i lett terren.

Ta ein rundtur i Hallingdal gjennom vekslende landskap til stølvollar med beitedyr:



Jakobspllass

Jakobspllass er ein fjellgard 14 km frå Geilo i retning mot Skurdalen - Rv40. 1 km frå hovudveg. Skilta



Prestholt

Stølen ligg ved foten av Hallingskarvet og er ei stølsgrend der dei driv med produksjon av geitost. Flott natur i høgfjellsterregn.



Hamarsbøenstølen

Opp frå Havsdalen åpnar det seg eit flott turterren i snaufellet. På stølen har vi salg av rumme, sòtprim og mjølkeprim, saueskinn og ved.



Gurostølen

Ein vanleg støl med dagleg drift. I koseleg område rundt stølen kan du sita ned, eta nista og nyte utsikta.



Helgegård Støl

Ligg flott til ved Strandavatn, nær Storestøl fjellstue. Her kan du klappe geiter og kjøpe geitost og geiteskinn eller ta fine turar i lett høgfjellsterren.



Fagerdalen Stølskafe

Fagerdalen finn du midt i Skarvheimen, nær både Hallingskarvet og Reineskarvet. Her er stølsdrift på gamlemåten og all mjølk blir foredra til servering og sal.



Nedremyrstølen

Nedremyrstølen er ein støl der alt blir produsert på gamlemåten. Driv med foredling av mjølk; separering, kinning og ysting med smaksprøver.



Oddestølen i lungsdalen

Langt inn i fjellet, nær lungsdalshytta ligg Oddestølen. Køyr fjellvegen frå Rødungstølen forbi Vallo og Djup til Toviken. Det er ikkje bilveg heilt fram til stølen, men ein fin tur å gå dei 3 km frå Toviken.



Tormodset

Ta turen frå Rv7 oppover Liagardane eller opp Votndalsåsen. Stølen ligg på 950 m.o.h. Bli med inn og sjå koking av mjølka. Du kan kjøpe rumme, mjølkeprim og vevde loperar.



Trettestølane

Servering av dugurd i ein lavvo; vassgraut,asninskaku og anna stølskost. Kulturinnslag med forteljing om "Blakka i uvåret", allsong og toradaraspel



Grøtestølen

Ein vanleg støl med dagleg drift med mjølkeyrkj, kalvar og villsau. Haugafolk som nærmeste nabo!



Ulsåkstølen

Opplev stølsliv i flott høgfjellsnatur under det mektige Skogshorn i Hemsedal.



Husostølen

Husostølen ligg langs Kongevegen i Hemsedal. Her kan du delta i slåtten frå ca 1. august. Velkommen!




Fellesstølen for geit

Her kan du vera med på fjsstellet. Sal av brunost og kvitost frå Himmelspannet. Fellesstølen ligg langs Rv 52, 20 km frå Hemsedal retning Lærdal.

Bolette Bele, Bioforsk:

Kvaliteter og mangfold i seterlandskapet

– kulturlandskapet er en verdifull ressurs



Seterkonferansen 2010.

Seterlandskapet har estetiske kvaliteter som folk setter pris på. Det er et variert landskap med seterhus, setervoller, gjærder og dyr på beite. Landskapet er åpent med utsikt mot fjella der vedhogst og beiting har påvirket skoggrensa. Her er flott blomstring på voller og langs veikanter. Det er verdigfullt med allsidig beitebruk og biologiske kulturminner. Mange arter forsvinner pga driftsendringer, nedlegging og gjengroing. 50 % av de truede karplantene, blomsterplanter, er knyttet til kulturlandskapet og beiteplantene utgjør første ledet i matvarekjeden. Kunnskap om beitplantene vil da også være i fare for å forsvinne, sa Bele innledningsvis..

Har seterkosten/produktene spesielle kvaliteter? Mye lys og urterik vegetasjon gir varierte beiteområder der vi får lokale variasjoner pga klima og berggrunn og jordsmonn. Forbrukerne krever dokumentasjon. Dette er bakgrunnen for et 3 årig forskningsprosjekt - samarbeid Bioforsk Midtnorge og matteknologisk utdanning ved Høyskolen i Sør-Trøndelag - for å påvise sær preg og kvalitetsforskjeller ved seterproduktene – tilleggsverdier i forhold til smak, fettsyrer,

antioksidanter, biologisk mangfold og landskap – der kvaliteten blir forsøkt knyttet opp til de lokale produksjonsforholdene. Både smakstester og kjemiske analyser blir gjennomførte i prosjektet.

I prosjektet analyseres bl.a seterrømmen og geitost – fra fjellregionen i Trøndelag – 2 seterbruk fra Budal og 2 fra Alvdal. Seterrømmen og geitost fra disse setrene blir analysert med tilsvarende produkter fra TINE som referanse. Beitevegetasjonen blir samtidig analysert for å undersøke om det finnes sammenhenger mellom de beitevekstene dyra spiser og produktkvaliteten.

Terroir

I vinproduksjonen anvendes «terroir»-begrepet for å fremheve lokale kvalitetsforskjeller, og det er velkjent at forskjeller i jordsmonn og klima bidrar til det store mangfoldet av vinsorter. Det franske begrepet «terroir» som kan oversettes med «stedsegen smak», beskriver sammenhengen mellom matens smak og kvalitet, kulturlandskap, lokalklima og jordsmonn. Det arktiske klimaet i Norden, med langsom vekst og mye sol, kan gi maten særegen-

smak og kvaliteter som bør benyttes til å gi den lokale maten merverdi, slo Bele fast.

Foreløpige analyser viser at denne typen lokal mat kan gi produkter med spesielle kvaliteter sammenlignet med industrielt produsert mat basert på andre typer beiter. Den analyserte seterrømmen var gulere på fargen, viste seg å inneholde flere pigmenter, og et høyere innhold av plantefenoler enn TINEs seterrømme. Pigmenter og plantefenoler kan virke som gode antioksidanter ved lagring av produktet og vil trolig også virke som antioksidanter ved inntak av produktene. Seterrømmen viste seg også å ha et høyere innhold av den sunne omega-3 fettsyren linolensyre. Tilsvarende beitegevinster vises også på geitost fra seterbruk. Andre faktorer som kan ha betydning for variasjoner i seterproduktene er gamle kuraser og kraftforbruk. Høgt kraftforbruk kan viske ut de positive beiteeffektene.

I tillegg er det funnet sammenheng mellom mengde pigmenter, plantefenoler og fettsyrer i den enkelte seterrømmen og den tilhørende beitevegetasjonen slik at begrepet «terroir» kanskje kan være relevant å bruke også for slike produkter.”

Beitemønster ble også kartlagt i dette forskningsprosjektet ved hjelp av gps-sendere på dyra. Bare et 5 dagersprosjekt, men det viste at dyra, som hadde et stort beiteområde, valgte å beite på ulike steder hver dag.

Spesielle kvaliteter

Bolette Bele slo fast at sammenhengene mellom matproduksjon, matkvalitet og kulturlandskapet er en viktig del av matens historie. Mange har generell forståelse for at jordbruket holder kulturlandskapet åpent og levende, men hvordan matproduksjonen kan bidra til å opprettholde biologisk mangfold og andre kulturlandskapskvaliteter er det få som har kunnskap om. Det er derfor viktig at denne historien også formidles, slik at folk ser sammenhengene mellom beitende dyr og et innholdsrikt kulturlandskap. Hvis det i tillegg viser seg at dette artsrike kulturlandskapet gir mat med spesiell kvalitet, vil det være en ekstra viktig grunn til å formidle den gode historien om Mat med lokal smak!



Helge Christie:

Seterbrukets rolle i økt global matproduksjon

Helge Christie er økobonde, forfatter, mathistoriker, wto-“fjellregionskontakt”. Argumenterer for økologisk landbruk med hensyn til klima, dyrevelferd, verne biologisk mangfold og mer beitebruk.

Helge Christie argumenterer for seterdriftas fremtidige betydning i et globalt perspektiv, der selvbergingsprinsippet vil gjøre det nødvendig å utnytte bl.a utmarksressursene til beite og setring.: “Verden er i en knapphetssituasjon – 1 milliard mennesker lider av sult eller feilernæring. Det er mangel på vann, energikrise, finanskrisa og fosfor som brukes i kunstgjødsel er i ferd med å ta slutt. Det biologiske mangfoldet trues med at flere arter og økosystemer forsvinner, humuslag på dyrka mark forsvinner og co2 – krisa.

Det er behov for økt matproduksjon, og FN’s prognosar viser at globalt vil det være behov for 70 % større matproduksjon i verden i 2050. Norge vil ha behov for 20% mer mat i 2030.

Det kan bli viktig å følge et selvbergingsprinsipp der hvert land bør ha rett og plikt til å produsere egen basismat til egen befolkning, og ikke kjøpe maten der den er billigst. Et annet viktig prinsipp vil være at korn bør være menneskemat og husdyrproduksjon bør baseres på utmarksbeite, beite og høstet gress.

I dag importeres kraftfor til Norge som beslaglegger ca 2 mill da dyrka mark i andre land. Skal vi bli selvforsynte i forhold til økt befolkning i 2030, vil det bli behov for å øke med 4 mill da beite/nydyrkning. Noe av dette kan dekkes med økt bruk av beitebruk i utmark og på setra.

Ved strukturrasjonalisering og bygging av store fjøs med evt. melkerobot, vil det ofte bli vanskelig å ta med seg buskapen til seters. Kan dette være en trusel mot seterdrift og beiting i utmark? Beiting i utmark bør oppgraderes og gis økonomisk støtte. Kan graderate setertilskudd der beitebruk er

mer verdsatt være et stimulus?

Hvordan kan vi klare å øke matproduksjonen med et økende behov for areal på 4 mill da? Klarer norsk seterkultur og norske budeier å vise legitimitet og stolthet for økt beitebruk i utmark i et argument mot eller i allianse med de store fjøsene? Det er viktig å bygge allianser innen landbruket og til forbrukerne – vise legitimitet slik at kulturen og verdien ved seterdrifta blir nok verdsatt til at politikere ser verdien i å føre en politikk som kan stimulere til videre utvikling av seterdrift og økt beiting i utmark. Bare 3% av arealet i Norge er jordbruksareal og det bør være mulig å øke denne prosenten ved nydyrkning og økt beitebruk. 70% av matimporten kommer fra EU-land og bare 1% importeres fra fattige land. Matproduksjonen vår må økes med 20% - med seterbrukere som viktige medspillere og aktører, konkluderte Christie.

Viktig og nyttig hefte:

Stølar og stølsdrift i fortid og framtid i Hordaland og Sogn og Fjordane

Dette er tittelen på eit hefte fylkesmennene (landbruksavdelinga) og fylkeskommunane (kulturadelinga) i Hordaland og Sogn og Fjordane har gjeve ut. Reidulv Gald har vore fagleg redaktør og levert store deler av teksta, bilete og skisser – og vi sluttar oss til utgjevarane som i innleiinga seier at heftet fortener nemninga stølsbok! Omfang, innhald og kvalitet er stikkord i så måte! - Her får lesaren innblikk i stølshistoria, frå dei eldste arkeologiske spora, stølshistoria fram til 1960-talet, utforming av stølshus – restaurering og nybygg, planteliv knytt til stølane, eigedomstilhøve og stølsrett og kva kulturminnelova seier om stølar.

Gode råd med relevans utanfor Vestlandet Reidulv Gald og Gunnbjørg Austrheim har ein omfattande bok om utforminga av stølshusa og bruken av dei, og korleis bør ein restaurere eller byggje nye stølshus. Her blir det gjeve gode råd som både eigalar av stølar og stølshus, kommunane og andre som avgjer framtida for stølsmiljøa vil ha stor nytte av. Heftet som heilskap og denne bolken særleg bør nå langt utanom Sogn og Fjordane og Hordaland sine grenser! Sjølv sagt finn ein særleg mykje likskap i byggjemåte nordover til Romsdal og ytre Nordmøre og sør over i Rogaland og Agder, men råda Gald og Austrheim gir er også relevante i mange andre område. Difor tillet vi oss å ta med sida med praktiske råd om korleis ein bør setje i stand eller byggje nye stølshus.



Holsete i Kvam. Foto: Hordaland fylkeskommune.

Korleis bør ein setje i stand eller byggje nye stølshus

Råd og tips i alle byggesaker som gjeld hus på stølen:

Gamle stølshus/sel er i dei fleste hove tilpassa lokal byggeskikk og miljøet i stolsområdet. Ein bor derfor bevare stølshusa etter same krav som vert stilt til anna verneverdig bygningsmasse som vi har ynskje om å ta vare på for ettertida. Sel er ikkje hytte og skal ha strengare krav til storlek og utsjånad.

- Ved oppføring av nybygg skal det vere ei nøktern utforming i tradisjonell, lokal byggeskikk, tilpassa bygningsmiljøet i stolsområdet.
- Ein skal søkje å samle bygg og unngå inngrep i heilt nye område.
- Bygget skal ikkje vere framtredande eller ruvande i terrenget. Ved bygging i skrånande terrenget er det særleg viktig med terrengrilassing for å unngå høg gavl. Likeins bør ein unngå høge bakkemurar. Dominerande utgravingar med høge skjæringer og planering av tomta med høge fyllingar skal ikkje førekome.
- Grunnmur skal vere lågast mogleg og kjellar er det ikkje tradisjon for å bygge under sel. Bruk av betong eller ferdigproduserte betonelement skal ikkje førekomme på sel eller i stølsmiljø. Unntak er at grunnmurar av stein kan bindast saman med mortel, men mortelen skal ikkje vere synleg.
- Nybygg skal ha ein etasje og ha enkel bygningskropp der lengde, bredder og høgde harmonerer.
- Bygget skal ha saltak i lengderetninga i høve til terrenget og takvinkel i samsvar med andre sel. Eit unntak kan vere steinbuer som ligg inn i bakken med gavlen ut. Etter vestnorsk byggeskikk skal takutstikk og kaner vere korte.
- Gamle sel skal setjast i stand der det er teknisk mogleg. Bygningen bør gjennomgå ei forsiktig opprusting etter antikvariske prinsipp. I det ligg det at ved reperasjon skal det nyttast same materialar og dimensjonar som det er brukt opphavleg.
- Sel som ikkje kan "reddast" der forfallet er komne langt, kan erstattast med nytt sel dersom det er eit viktig element i stølsmiljøet.
- Mindre tilbygg bør i hovedsak skje i lengderetninga på selet. Takvinkel og takutstikk som på den opphavlege delen. Bredde på tilbygget skal harmonere med opphavleg bygg. Eit sel skal ikkje ha vinkelbygg. Alternativt kan frittståande uthus godkjennast dersom det høver best på staden. Etter ei totalvurdering kan ein vurdere nytt frittstående bygg ved sida av det gamle. Ein bør vurdere om andre hus på stølen som er ute av bruk kan nyttast i staden for å bygge nytt.
- Bygningar bør ikkje rivast utan at det ligg føre særskilte grunnar for det. Bygningar som pga. brann el. liknande må fjernast, kan ved gjennoppføring krevjast oppført i sitt opphavlege eksteriør og med same materialbruk.
- Det skal brukast utvendige materialar i tråd med tradisjonen på staden og unngå framande byggematerialar. Dette gjeld grunnmur, kleining, eventuelt synleg laft, vindauge, dører, taktekke, skorstein eller røykrør.
- Villmarkspanel skal ikkje brukast på sel, men borda kan ha ulike bredder og skal vere skarpskorne på synleg kant. Sjå elles faktaboks om trematerialar.
- Dører og vindauge skal vere mest mogleg lik dei opphavlege på stølen med omsyn til storlek, gjennomgåande sprosser, lister og eventuell dekor. Store glasflatar og mange vindauge er det ikkje tradisjon for.
- Fargen på selet bør harmonere med dei andre bygga på stølen. Godt ala bord av furu eller lerk kan stå umåla og gråne naturleg. Fargen bør ikkje vere framtredande i landskapet.
- Frittståande, kasseliknade utedo med pulttak skal ein unngå. Utedo kan leggjast inn i eller saman med ei vedbu eller eit fjøs. Uthuset kan og gravast inn i terrenget eller leggjast inn til ein stor stein eller fjellknaus og byggast av stein og med torv på taket.
- Vi vil frarå levegg, bygging av veranda eller terasse.
- Det bør vera mogleg for allmenta å ferdast framfor stølshus og mellom stølshus eller gruppe av stølshus.
- Privatiserande tiltak skal unngåast. Unntaket er inngjerda kvier som vert hausta.
- Estetikk: Tiltaket må både tilfredsstille rimelige krav til estetikk i seg sjølv og i forhold til omgjevnadane.



Restauret fjøs med båsrekker langs langvegene og gjødselrenne midt i huset. Inntunsteinen. Eigar: Nils Torbjørn Sølvberg. Fjelli, Stryn. Foto: Reidulv Gald.

Grønt Spa'tak 2010!

Også i år arrangerer Natur og Ungdom, i samarbeid med Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Grønt Spatak. Det miljøvennlige jordbruksprosjektet er trua. Vi skal vise politikerne at jorda må brukes til å dyrke mat og ikke for å bygge golfbaner eller kjøpesentre, er meldinga fra NU.



"Spatakistar" i arbeid på garden Tolstad-kleiven på Lalm i Ottadalen 2008. Foto: Carl-Frederic Salicath.

Grønt Spa'tak er et helt unikt sommertilbud for ungdom. Gjennom Grønt Spa'tak får ungdommene en vakker og opplevelsesrik ferie samtidig som de tar i et tak for miljøvennlig matproduksjon. De jobber på seter, gård eller går beitetilsyn, og på den måten er de med på å produsere miljøvennlig og solidarisk mat. Deltakerne er med i minst 10 dager. – Gjennomføringa av Grønt Spa'tak 2010 er alt i gang, påmeldingsfristen var 15. mai, men vi benytter anledningen til å ønske både "spatakister" og vertskap god sommer i positivt samarbeid og dialog - og vi vil komme tilbake med bilder og tekst fra årets Spa'tak.

Om å gå beitetilsyn

Å gå beitetilsyn er ikke det samme som å gjete. Når man går beitetilsyn, oppholder en seg i samme område som sauene, men man går ikke sammen med flokken hele tiden. Oppgaven til de som går beitetilsyn, er å holde oversikt over flokken og se til at sauene har det bra, lete etter sauene som har forsvunnet og hjelpe dem som har skadet seg. Når man går beitetilsyn bor man sammen med en annen deltager, på fjellet, enten på en seter, eller på hytter lengre inn i fjellet. De første dagene går man sammen med et beitetilsynslag, som gjerne består av bøndene som eier dyra. Beitetilsynslaget lærer deg hva som er viktig å se etter og du blir kjent i området. Etter hvert deler man seg gjerne opp, og går i ulike områder.

Dersom du liker og er vant med å gå i fjellet, er beitetilsyn en perfekt sommeraktivitet. Du får gå i sommerfjellet og være mye ute, samtidig som du gjør noe fornuftig.

Det er forebyggende å gå beitetilsyn for å verne sauene mot rovdyr, men dette er bare

en del av løsningen. Dyr blir tatt av rovdyr selv om man går beitetilsyn. Man har sett at mye menneskelig aktivitet skremmer vekk jerv og bjørn, mens ulven er revirbundne og ikke så lett blir skremt bort. Det er uansett viktig å gå betetilsyn for å passe på at sauene har det bra.

Rovdyrdebatten

I rovdyrsaken har debatten til tider gått svært hardt mellom landbruksnæringa og miljøbevegelsen. Natur og Ungdom og Norsk Bonde- og Småbrukarlag ønsker å spille en mer konstruktiv rolle.

De siste årene har Natur og Ungdom og Norsk Bonde- og Småbrukarlag fått en god dialog mellom bønder og miljøvernere. Ulvekonflikten er ikke bare svart/hvitt. Det er en konflikt mellom to miljøhensyn, miljøvennlig matproduksjon og miljøvennlig naturforvaltning. For å løse opp i floka trenger vi en god dialog og utveksling av synspunkter og kunnskap. Hvorfor utmarksbeite?

Mennesker kan ikke spise gress. Sau kan. Derfor er sau miljøvennlig. Om sommeren går sauene ute på fjellet. Ved å spise gresset i fjellet, benytter sauene seg av ressurser som mennesker ikke kan nytte seg av direkte. Sauene som går i fjellet, i utmark, er svært miljøvennlig matproduksjon. I Norge er 90% av arealet utmark, og beiteressursene i utmarka representerer et enormt potensielle for matproduksjon.

Utmarksbeite kan i noen tilfelle være vanskelig. Særlig i områder med rovdyr, er sjansene for å miste dyr store. Men rovdyr er slett ikke den eneste årsaken til tap av dyr. Sauene kan også bli syk eller skade seg, og trenge hjelp.



Seter-SFO ungene er samstemte om at

"Dette er livet!"

Gjermundshaugsetras tilbud med seter-SFO blir bare mer og mer populært, og unger fra både Alvdal og andre steder får også i år lov til å starte sommerferien på en måte som nok skaper minner for livet. Lek og aktiviteter blant ku, sau og hest skaper minner for resten av livet. Kanopadling, fiske, spikking av barkebåter, samt mer avanserte flytende konstruksjoner er utendørs moro, mens separatorene, kining av smør, og mye, mye anna tradisjonelt seterarbeid skjer innendørs. Det er budeie Anne Berit Gjermundshaug som står for dette tilbuddet - med over 20 unger på besøk. – Dette er livet, utbrøt ungene på spørsmål om hva de syns om seterlivet.

Heimbygd

Av Jon P. Enlid

Langt inne mellom høge fjell,
her blånar bygda vår,
og her har våre fedrar levd
igjennom hundre år.

Her rydda dei og bygde dei,
her veidde dei i skog.

Dei fekk seg sau, dei fekk seg ku,
dei fekk seg hest og plog.

Dei skreiv sitt kvad med spett
og grep i grovarm åkerjord,
og i dei trauste såmannfar
det grodde, – og det gror.

Dei slo sin draum i åklevev
og skar han ut i tre, –
og gleda let i lokk og lur
på tun og seterkve.

Du bygd som blånar for vårt syn,
med skog og fjell og foss,
du er vår dyre fedreav,
du er ein del av oss.

Her er vår heim, her er vårt liv,
her glør vår ungdomseld.

Her vaker han i lengt og dug,
her slokner han ein kveld.

Jon P. Enlid (1913–1983)
diktar og skribent i Budalen, med m.a.
fleire diktsamlingar.

Sæterdag på skogsæter i Solør-Odal

22. august arrangerer Odalstunet sæterdag i Skålbergsætra. Sætra ligger ca 8 km langs Østmosætervegen fra rv 209.

Skålbergsætra er under restaurering og vil om 1-2 år framstå som ei typisk skogsæter i Solør-Odal. Odalstunet vil her drive formidling av skogsæterkultur, slik den framstod fra forrige århundreskifte fram til sætra ble lagt ned på 1960-tallet. Restaureringsprosjektet er støttet av Hedmark fylkeskommune, Sparebankstiftelsen og Odal Sparebank.

På sæterdagen 22.08 vil vi vise restaureringsarbeidene på sætra og Mo bygdekvinnelag vil servere sæterkost på vangen.

For nærmere info, kontakt Odalstunet på tlf. 62 96 23 90/46 95 13 51 eller ola.stor@hotmail.com



Sæterkurs 2010

Det blir eit sæterkurs i veke 28 (11. – 17. juli).

Fleire opplysninger er å finne på nettsida til setra www.gammelsetra.no.

Deltakaravgift: kr. 3.800,- (studentar 2.800,-) alt inkludert.

Overnatting på KNT-hytta ved setra.

Kven kan delta: Nedre aldersgrense: 14 år (i følgje reglar for voksenopplæring) og det er ingen krav om kvalifikasjoner utover å kunne ta seg inn til setra.
Alle interesserte er vel møtt.

Meir info om kurs og påmelding:

Jørgen Svisdal, 6613 Gjøra. Tlf.: 992 51 626, e-post: j.p-swiss@hotmail.com

Drivarar i år: Jørgen Svisdal, Ylva Svisdal Bjørndalsæter, Nils Kristian Høien Nielsen, Elin Dahle, Eli Bæverfjord Rye, Anna Jørgensdotter Svisdal, Oda Svisdal, Mari Søbstad Amundsen, Bernt Såstad Mjøen og Kenneth André Hersel Rathe.

Bli ei ekte budeie

Har dy lust til å bli ei ekte budeie, eller berre bli godt kjend med støslivet kan du no delta på eit av våre stølskurs.

Kursa blir arrangert helgane 29. juni til 1. juli og 6. til 8. juli.

Stølskurset inkluderer:

Opphold med mat i dobbeltrom.
Deltaking og oppleveling i stølens kultur og natur.

Pris kr 2100,-

Ulsåkstolen - Anne Ulsaker Bækken
3560 Hemsedal
Tlf 92 23 14 13/92 23 14 13
e-post anne@ulsakstolen.com

Romsdalssetra i Einunnadal, Folldal

Sæterkurs 22., 23. og 24. juli

Du kan være med å lære å yste, kinne, lage skjørost og rømme, koke soingrøt og gomme, og få med deg en smokebit hjematt. Fjøsstell og sæterkos hører med. En fjelltur eller fisketur for dem som ønsker det. Muligheter for overnatting og full pensjon.

Påmelding:

Gun Kjølhaug
tlf 62 48 74 20
mobil 473 69 819
gunn.kjolhaug@fjellnett.no

Hilde B. Tuvan
tlf 62 49 00 54
mobil 478 55 205
tuvan@online.no



Ny bok

Store sesongvariasjoner i mjølkekvaliteten


I disse dager lanseres et internasjonalt bokverk om mjølkekvalitet. Et av kapitlene er skrevet av to av Norges fremste forskere på området, Odd Magne Harstad ved Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) og Håvard Steinshamn ved Bioforsk.

Boka med tittel ”Improving the safety and quality of milk: Milk production and processing” er utgitt av det internasjonale anerkjente forlaget, Woodhead Publishing Ltd.

I kapittelet de to forfatterne har skrevet, konkluderer de blant annet med at det er store sesongvariasjoner i mjølkekvaliteten, spesielt på fettsyresammensetningen. For eksempel har mjølka fra beitende dyr gunstigere fettsyresammensetning.

Vi har sammenstilt allerede kjent vitenskapelig kunnskap til et kapittel i boka, forteller forsker Håvard Steinshamn ved Bioforsk Økologisk og professor Harstad ved UMB. Fôring og mjølkekvalitet henger sammen. -Dette gjelder først og fremst fettsyresammensetningen og innholdet av protein, fett-løselige vitaminer og mineraler, forteller forskerne. Når det gjelder proteinkvaliteten er det mer genetisk bestemt.

De legger til at en kan påvirke mjølkekvaliteten mye med fôring. Dette gjelder både



grovfôr og kraftfôr. Surfôr med gras er bedre enn silo av mais om en ser på fettsyresammensetningen og innhold av vitamin A og E. Om en i tillegg fører med høy som inneholder kløver vil en få øka mjølka sitt innhold av omega 3 fettsyrer. Et mangfoldig biologisk sammensatt fôr, som for eksempel fjellbeite, vil øke mjølkas innhold av CLA. Forfatterne forklarer sammenhengene på en god måte i sitt kapittel. (Kjelde: Bioforsk).

Bli medlem i Norsk seterkultur

Medlemskontingent 2010

| | |
|--|-----------|
| Aktiv seterbukar | kr. 400,- |
| Støttemedlem/abonnement på Seterbrukaren | kr. 300,- |
| Organisasjon/institusjon | kr. 600,- |

Ja, eg vil bli medlem

Aktiv seterbukar
 Organisasjon/institusjon
 Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn:

Adresse:


Telefon:

Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: www.seterkultur.no

NORSK SETERKULTUR
6214 NORDDAL Tlf.: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57
E-post: seter@seterkultur.no
Bankgiro: 2367 20 51 169

Norsk Seterkultur

Returadresse:
Norsk seterkultur
6214 Norddal



FORMEL

FORMEL gir best tilpasning til beite

Rett FORMEL på beite gjør det enklere å:

- Holde ytelsen ved hard beiting
- Holde høgt proteininnhold i mjølka
- Tilføre nødvendige mineraler

FORMEL Favør 28 Til svært godt beite og raigrasbeite med lågt innhold av fiber.

FORMEL Favør 30 Til middels godt beite.


FORMEL Elite Til middels beite og ønske om høg mjølkeproduksjon. Når beitekvaliteten avtar og kyrne må ha høg kraftførandel i førrasjonen.

FORMEL Favør 20 Til utmarksbeite og svakt gjødsla beite.

Kraftförmengdene må justeres etter utvikling i mjølkemengden, holdet på dyra og beitekvaliteten.



Felleskjøpet



TINE

Mange av våre produkt har rot i stølskulturen
og vi støttar Norsk seterkultur
i arbeidet for denne driftsforma